

22. august 2025

Helse Midt-Norge RHF
ved adm. direktør Jan Frich og styret

Helse Møre og Romsdal HF
ved adm. direktør Olav Lødemel og styret

Sunnmøre regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Fjord, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Vestnes, Ørsta og Ålesund. Selskapet skal bidra til at kommunane på Sunnmøre jobbar saman for å styrke regionen sin attraktivitet og konkurransekraft.

Selskapet skal på vegne av deltakarkommunane vere ein aktiv pådrivar for å fremje regionen sine interesser overfor regionale, nasjonale og internasjonale mynde, og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv og offentlege styringsorgan. Sunnmøre regionråd skal vektlegge partnerskap mellom kommunar og næringsliv.

UTTALE FRÅ SUNNMØRE REGIONRÅD VEDKOMANDE ETABLERING AV PCI VED ÅLESUND SJUKEHUS

Rapporten om PCI ved Ålesund sjukehus har vore klar sidan 2022. Sunnmøre regionråd kan ikkje stå og sjå på at befolkninga i Møre og Romsdal og på Sunnmøre ikkje får det same akuttmedisinske tilbodet som befolkninga i Trøndelag og andre delar av landet. Vi krev at Helse Midt-Norge RHF og Helse Møre og Romsdal HF får fortgang i etableringa av PCI ved Ålesund sjukehus.

Sunnmøre regionråd er glad for at vi har fanga merksemda til Helse Midt-Norge RHF, og at det som følge av dette er bestemt at det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som innan 2025 skal vurdere kvaliteten på behandlinga av hjartefarkt i regionen.

I den anledning registrerer vi at adm. dir i Helse Midt-Norge RHF 9. juli 2025 uttalar følgande i sak på eigen nettstad:

«- Arbeidsgruppen vil få i oppdrag å vurdere eventuelle forskjeller i kvalitet og skal også peke på områder hvor det er potensial for forbedring. Vi vet at tiden det tar før behandling gis er viktigere for de fleste pasienter enn behandlingsmetoden, og vi må forstå hva som skal til for å kunne gi effektiv behandling enda raskere, sier Frich.»

Sunnmøre regionråd vil påpeike at det å skulle gi trombolysse endå raskare er eit anna spørsmål enn etablering av PCI-senter. Trombolysse kan vere eit annanrangs tilbod i høve til PCI.

Vi viser til artikkelen «Norge trenger fleire PCI-sentre» i Dagens Medisin 4. august 2025 der 6 fagpersonar innan kardiologi uttalar seg. Dei skriv «Å hevde at trombolysse kan erstatte PCI som behandling av STEMI er problematisk. Det er godt dokumentert at bortimot halvparten av pasientene som trenger umiddelbar hjelp med et okkludert koronarkar ikke vil ha nytte av trombolysse.»

Sunnmøre regionråd stiller følgende krav til utgreiingsarbeidet for at vi skal kunne ha tillit til det:

- Ein sentral del i oppdraget til arbeidsgruppa må vere å vurdere det faglege grunnlaget for å etablere PCI-senter ved Ålesund sjukehus. Dette må vurderast uavhengig av behandlingsskapitet ved St. Olavs hospital. Oppdatert 2022-rapport frå Helse Møre og Romsdal HF må ligge til grunn for arbeidet.
- Arbeidsgruppa må ha ei balansert samansetting av fagpersonar. Også tilhengarar av eit desentralisert PCI-tilbod må delta i arbeidsgruppa. Vi ser det som heilt sjølvstøtt at fagpersonar frå Helse Møre og Romsdal HF deltek. I tillegg krev vi at fagpersonar utanfor Helse Midt-Norge RHF blir ein del av arbeidsgruppa. Heilt konkret vil foreslå
 - Vibeke Juliebø, overlege ved Hjertemedisinsk avdeling, Ahus
 - Stefan James, invasiv kardiolog, professor ved Uppsala Universitet, Sverige
 - Slobodan Calic, leiar for invasiv seksjon ved Sykehuset i Arendal
 - Thor Trovik, overlege ved Hjertemedisinsk avdeling, Ahus
- Transportsituasjonen – luftbrua for hjartepasientar mellom Ålesund og Trondheim – må vere ein del av oppdraget til arbeidsgruppa. Slik vi ser det vil etablering av PCI-behandling i Ålesund både frigjere kapasitet for luftambulansen og spare transportkostnader.
- Arbeidsgruppa sin rapport må vere offentleg.

For Sunnmøre regionråd er det viktig at innbyggjarane i Møre og Romsdal og på Sunnmøre har eit likeverdig tilbod om spesialisthelsetenester som ein finn i Trøndelag og andre stadar i landet. Det har Helse Midt-Norge RHF og Helse Møre og Romsdal HF plikt til å sørge for.

Med helsing

Kenneth Langvatn,
styreleiar

Sverre Øvrelid Steen,
dagleg leiar

Kopi:

Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget

Helse- og omsorgsdepartementet ved helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre
Mørebenken på Stortinget

Møre og Romsdal fylkeskommune ved fylkesordførar Anders Riise

Partia sine 1. kandidatar frå Møre og Romsdal til stortingsvalet 2025

Deltakarkommunane i Sunnmøre regionråd